



## Årsmelding 2010

### Årsmøtet 2009 føretok følgjande val:

Leiar:	Arve Opsanger	attval	1 år
Styremedlem	Anna Prestnes	attval	1 år
	Are Blokhus	attval	2 år
	Resy Aak Toresen	ikkje på val	1 år
	Per Henrik Opdal	ikkje på val	1 år
	Geir Jacobsen	ikkje på val	1 år
Varamedlem	Tove Ertsland	attval	1 år
	Helga Rørvik	ny	1 år
Revisor	Einar Herskedal og Even Teigen		
Valkomité	Otto Blokkhus (leder), Knut Digranes og Marianne Lund Andersen		

### Konstituering av styret

Styret fordelte følgjande verv:

Nestleiar: Per Henrik Opdal

Økonomiansvarleg: Anna Prestnes

### Medlemskontingent

Kontingenten har vore dei same sidan 2007 og oppfordring om innbetaling har vore sendt til medlemene etter underståande satsar:

Private		kr 210	pr. år
Private+ (inkl. ektefelle / sambuar)		kr 300	pr. år
Lag og organisasjonar		kr 500	pr. år
Bedrifter	-fast ledd	kr 1500	pr. år
	-variabelt ledd	kr 70 / årsverk	pr. år

Styret vil ikkje føreslå endring av kontingentsatsane.

### Styret sitt arbeid

Styret har hatt 4 styremøter.

Aktiviteten i Husnes har vore alt for liten i 2010.

Vi har likevel prøvt å fremja Husnesområdet gjennom kontakt med politikarar og administrasjonen i Kvinnherad kommune.



### **Nytt kulturskulebygg**

Trass i fleire forsøk på omkampar og manglande støtte m.a. frå enkelte politikarar frå m.a. Husnesområdet har fleirtalet i kommunestyret jobba godt for å realisera bygget. Slik saka står no, ser det ut til at det kan bli byggjestart i 2011.02.09.

### **Opprustning og trafikksikring av Opsangervegen**

Oppstart av prosjektet er dessverre utsett til 2012. Prosjektet vil gje eit løft når det gjeld trafikksikring og betra sikker vassforsyning. Det er viktig at dette ikkje går ut over Husnesparken. HV har ein viktig jobb med å sikra dette.

### **Park og parkeringsanlegg ved kyrkja.**

Det er eit flott og verdig park- og parkeringsanlegg som er etablert. Trass i kritikken som er reist om framgangsmåten for å fullføra anlegget, vil HV gje ros til ordføraren og andre politikarar som har fått dette på plass.

### **Sykkel- og gangveg v / KEST-bygget**

Det har så langt ikkje lukkast å få forlengja gang- og sykkelstien forbi KEST-bygget. Reguleringsplanen opna ikkje for dette. Dette bør det arbeidast vidare med.

### **Skulestrukturen i Kvinnherad**

Kommunestyret sitt endelege vedtak medfører ingen endring. HV beklagar at synet vi støtta ikkje nådde fram. Vi trur dette er uheldig for skulen i Kvinnherad.

### **Reguleringsplan for Husnes sentrum / Teigenbygget**

KK har prøvt fleire alternativ for finansiering og ansvarsdeling med ny reguleringsplan for deler av Husnes sentrum. Det er no vedteke at arbeidet skal starta opp tidleg i 2011, og HV er invitert til å vera med i prosjektgruppa/styringsgruppa. Mangel på oppdaterte planar er eit hinder for vidare utbygging av Husnes Sentrum. Nytt byggjesteg på Teigenbygget er eit av prosjekta som er blitt utsett på grunn av dette.

### **Julelys i arken**

Husnes Vekst har som tidlegare år teke på seg det økonomiske ansvaret for julelys i parken. Arbeidet er utført av elektrolinja på KVV. HV har betalt fornying lys og arbeidspengar til elevane. Og vil takka elevane for vel utført arbeid. Styret ser det som naturleg at Husnes Storsenter overtek det økonomiske ansvaret for julelysa.

### **Gang- og sykkelveg i Pollen**

HV var ein av sponsorane til veglys langs den nye gang- og sykkelvegen mellom Pollen og Slettestølen. Arbeidet har vore utført og kosta av Kvinnherad kommune, FAU på Sunde skule, Turstigruppa og sponsorar.

### **Profilering**

HV har gitt økonomisk støtte til profilering av Husnes i "Kvinnheradmagasinet".



### Økonomi og medlemmer

Talet medlemmer har gått ned. Dette gjeld både personlege medlemmer pga naturleg avgang og nedgong i talet på tilsette i enkelte medlemsbedrifter. Det har ikkje vore drive aktiv medlemsverving i 2010. Dette medfører mindre handlingsrom for HV.

Rekneskapet for 2010 viser underskot på ca. kr 53 000.

Husnes, 16. februar 2011

---

Arve Opsanger *sign.*  
styreleiar

---

Per Henrik Opdal *sign.*  
nestleiar

---

Anna Prestnes *sign.*  
økonomiansvarleg

---

Resy Aak Toresen *sign.*  
styremedlem

---

Geir Jacobsen *sign.*  
styremedlem

---

Are Blokhus *sign.*  
styremedlem